



## Notat

Dato: 09.02.2017  
Arkivsak: 2014/1180-76  
Saksbehandlar: hanengu

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - status og melding om avgrensa høyring**

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet var på offentlig ettersyn hausten 2015. Det kom 30 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget i løpet av høyringa både frå statlege etatar, kommunar og organisasjonar. Det er stor variasjon i innspela, nokre gir støtte til planforslaget slik det føreligg, mens andre vil ha endringar.

Planen gir gjennom mål og strategiar og planskildring retning for utviklinga av Bergensområdet. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år.

Føremålet med planarbeidet gitt i planprogrammet er:

*Regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal skape grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig region. Samhandling på tvers av administrative grenser, sektorar og forvaltningsnivå skal fremje regional utvikling og attraktivitet. Ei konsentrert senterutvikling skal underbygge eit effektivt og miljøvenleg transportsystem med god framkome for befolkning og næringsliv. Planen skal og legge til rette for utbygging av naudsynt sosial infrastruktur.*

Planen har fem hovudtema:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

#### **Prosess etter høyringa**

Fylkesutvalet vedtok gjennom PS 100/2016 å etablere ei ny styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen opp i mot vedtak i fylkestinget. Fylkesrådmannen har i tillegg starta opp den administrative koordineringsgruppa der statsetatar og rådmenna i kommunane deltek.

I møte i styringsgruppa 9. september 2016 fremma styringsgruppa ønske om å arbeide for betre forankring i kommunane. For å få tid til dette vart framdrifta fastsett med handsaming av fylkestinget i juni 2017.

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune fekk i oppgåve å skissere forslag til vidare forankringsprosess og har drøfta problemstillinga med administrativ koordineringsgruppe i deira møte i november 2016. Grappa støttar styringsgruppa i at det er viktig å arbeide for politisk forankring, enten gjennom høyring eller dialogmøter. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av dette beslutta å sende saka på ei avgrensa høyring til kommunane og aktuelle statsetatar etter at dei tilrådde endringar er gjennomført.

Regional areal- og transportplan er no samkøyrtd med Regional transportplan for Hordaland som har eit eige kapittel om Bergensområdet. Dei to planane vil vere på høyring samtidig og vil gi kommunane god mogelegheit til å sjå dei i samanheng.

### Tilrådde endringar

Basert på høyringa vart det tilrådd endringar til administrativ koordineringsgruppe og den politiske styringsgruppa. Dette vart drøfta i møta gruppene hadde hausten 2016. Gruppene stilte seg bak at ein skulle gjennomføre følgjande endringar:

- ✓ Betre samanhengen mellom mål, skildring og retningslinjer
- ✓ Løfte klima, miljø og nullvekstmålet tydelegare
- ✓ Tydeleggjere formell verknad
- ✓ Etablere møtepunkt mellom styringsgruppe og fylkesmann
- ✓ Tone ned differensiert bruk av befolkningsprognoser
- ✓ Tydeleggjere differensiert arealforvaltning
- ✓ Samkøyre transportkapitlet med utarbeiding av Regional transportplan
- ✓ Innføre mellomkategori av næringsverksemd
- ✓ Innarbeide følgjande tema betre i planen:
  - Klimatilpassing
  - Universell utforming
  - Folkehelse

Med bakgrunn i dette har administrasjonen i Hordaland fylkeskommune endra planen. Nytt planutkast vart lagt fram for styringsgruppa i deira møte 1. februar. Grappa signaliserte at dei ville ha ytterlegare endringar før planen vert sendt på høyring:

- ✓ Tydeleggjere at det kan vere vekst i distrikta, at ikkje all vekst skjer i regionale vekstsoner
- ✓ Differensiere nullvekstmålet tydelegare; at det i nokre område skal vere nedgang, mens andre kan ha noko auke i biltrafikk
- ✓ Endre tekst om differensiert arealforvaltning
- ✓ Tydeleggjere innfartsparkering som eit servicetilbod i område med dårleg kollektivdekning, og bidrag for å redusera biltrafikken inn mot Bergen.
- ✓ Vurdere om klima ytterlegare må bli løfta i planens mål

Til å gjennomføre desse endringane vart det sett ned eit politisk arbeidsutval med møte 16. februar.

### Ny høyring

Fylkesrådmannen har vurdert at dei endringane som er gjort først og fremst er av strukturell art, og ikkje er så store at det krev ny formell høyring. Med bakgrunn i behov for forankring i kommunane og ønske om politisk handsaming i kommunestyra, er det beslutta å sende saka på ei avgrensa høyring til kommunane og aktuelle statsetatar. Høyringsperioden vil vere 20.02 – 01.04.2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling